

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Jostedalsbreen nasjonalparksenter
Dato: 08.10.2018
Tidspunkt: 10:30

Velkommen til styremøte i Oppstryn!

Møtet startar kl 10.30 og det blir servert lett mat, te og kaffi til møtestart.

Møtet held fram til klokka 12.30. Då får vi servert ein varm lunsj frå Matstova før vi drar ut i felt for å sjå på prosjekta i Sunndalen og Erdalen. Ole Runar Aabrekk vil møte oss i felt for å vise kva dei har fått til med midlar løyva av nasjonalparken. Vi reknar med å vere ferdige til klokka 15.00 - 16.00.

Husk klede etter veret, gode sko og ei drikkeflaske til synfaringa.

Sven Flo har meldt forfall, så for Stryn kommune møter Kari Synnøve Muri. Marius Dalín blir med på møtet, men må dra tilbake før synfaringa. Eventuelle andre forfall må meldast snarast til Bente på tlf. 905 90 647.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Vel møtt!

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 28/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 29/18	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 30/18	Orienterings- og drøftingssakar <ol style="list-style-type: none">1. Oppsummering av synfaringa til Kattanakken2. Plan for dialogmøtet med fagleg rådgjevande og administrativt kontaktutval3. Status for forvaltningsplan og besøksstrategi4. Status for budsjett og tiltak i 2018, og omdisponeringar5. Strategi for neste års tiltaksmidlar6. Nytt frå SNO7. Referat fra synfaring Brenndalen8. Bergen turlag på neste styremøte?		
RS 28/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - ønskje om meir kapasitet i forvaltninga		2013/2094
RS 29/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - avklaring om dronebruk til sanking av sau kring Åbrekkenibba		2018/2832
RS 30/18	Småreparasjonar på stien til Oldeskaret		2018/2191
RS 31/18	Endringar framfor Supphellebreen		2017/3704
ST 31/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til uttak av ved til eige bruk - Langedalen, Luster		2018/3130
ST 32/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til reparasjon av flaumskade - Bødalalen sameige		2010/14759
ST 33/18	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - uttale om catskiing på Strynefjellet		2018/2675
ST 34/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - droneflyging over Flatbrehytta - Breoppleving		2018/2596
ST 35/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - politimelding av dronefilming ved Bøyabreen		2018/3125
ST 36/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - behov for revidering av verneforskrifta		2018/3137
ST 37/18	Eventuelt		

ST 28/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 29/18 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

ST 30/18 Orienterings- og drøftingssakar

RS 28/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - ønskje om meir kapasitet i forvaltninga

RS 29/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - avklaring om dronebruk til sanking av sau kring Åbrekkenibba

RS 30/18 Småreparasjonar på stien til Oldeskaret

RS 31/18 Endringar framfor Supphellebreen



Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	31/18	08.10.2018

Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til uttak av ved til eige bruk - Langedalen, Luster

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark § 2.3 og § 4.3 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fatta følgjande vedtak:

Åse Flugheim gis løyve til å ta ut ved til eige bruk frå Langedalen, Veitastrond, i Luster kommune, jf verneforskrifta § 2.3. Løyvet gjelder maksimalt 6 mål ved årleg i 5 år frå og med 2018 til og med 2022.

Vilkår for løyvet:

- Det er berre tillate å ta ut ved gjennom plukkhogst
- Eldre, døande og døde trær og stammer skal ikkje hoggast
- Det skal ikkje hoggast store, særmerkte tre med ein diameter på over 20 cm
- Uttak av ved skal skje på hausten, mellom 1. september og 31. desember

Åse Flugheim gis også løyve til motorferdsle, jf verneforskrifta § 4.3 i samband med uttak av ved til eige bruk frå Langedalen i Luster kommune. Løyvet gjeld utkøyring av ved med traktor i 5 år frå og med 2018 til og med 2022.

Vilkår for løyvet:

- Motorferdsle skal avgrensa seg til det som er strengt naudsynt
- Motorferdsle skal ikkje skje i helgene
- Det skal køyrast med traktor i elveleiet, og ikkje på barmark

Det skal gis skriftleg tilbakemelding til nasjonalparkforvaltninga etter at motorferdsle har funne stad.



Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad om å ta ut ved til eige bruk v/ Åse Flugheim, datert 15. august 2018
- Utfyllande søknad om å ta ut ved til eige bruk v/ Åse Flugheim, datert 28. september 2018
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Nasjonalparkforvaltninga mottok 15.08.2018 ein søknad frå Åse Flugheim om uttak av ved til eige bruk i Langedalen i Luster kommune. Den 28.09.2018 fekk vi ein supplerande søknad, som også inneheld søknad om motorferdsel og eit kart, som viser kor det er ønske om å ta ut veden. Kartet viser at dei punkta der det er ønskeleg å ta ut ved ligg sørvest for elva. Søkar ønsker å ta ut ca. 6 mål i året over ei periode på 5 år.

Lovgrunnlag

Søkaren søker både om løyve til uttak av ved til eige bruk og til motorferdsle i nasjonalparken.

Om uttak av ved står det i § 2.1 i verneforskrifta at:

Vegetasjonen, også daude tre og buskar, er verna mot all slags skade og øydelegging som ikkje kjem av vanleg ferdsle og tradisjonell beiting i utmark.

Det står vidare i § 2.3 at:

Forvaltningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det, kan gje grunneigaren løyve til:

- *Uttak av trevirke til brensel til eige bruk i nærare avgrensa område,*
- *Rydding av beite i nærare avgrensa område,*
- *Rydding av dyretrakk (beitesti).*

Det kan stillast vilkår for løyve som vert gjeve etter pkt 2.3.

Om motorferdsle står det følgande i verneforskrifta:

4.1. Motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy, er forbode. Som landing reknast og om eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta.

Vidare står det i § 4.3 at:

Forvaltningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det kan gje løyve til:

- *motorferdsle i samband med husdyrhald og vedhogst...*



Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast. Det kan stillast vilkår for løyve som vert gjeve etter pkt 4.3.

Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark seier at avgrensa vedhogst til eige bruk kan tillatast innanfor brukssona, der dette er framhald av bruk frå tidlegare tider. Langedalen innanfor Nystølen og Tungestølen høyrer til denne sona.

Vurdering

All vegetasjon er i utgangspunktet verna mot skade i verneforskrifta. Verneforskrifta opnar likevel for at forvaltningsstyresmakta kan gi grunneigaren løyve til uttak av trevirke til brensel til eige bruk i nærare avgrensa område. I forvaltningsplanen for nasjonalparken er Langedalen i Luster eit av dei områda som nemnast som aktuelle for slikt uttak av ved. Forvaltar vurderer det derfor som uproblematisk å gi løyve til dette. Løyvet bør likevel gis på følgjande vilkår.

- Det er berre tillate å ta ut ved gjennom plukkhogst, ikkje over større samanhengande areal
- Eldre, døande og døde trær og stammer skal ikkje hoggast
- Det skal ikkje hoggast store, særmerkte tre med ein diameter på over 20 cm
- Uttak av ved skal skje på hausten, mellom 1. september og 31. desember

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i nasjonalparken, men det kan etter verneforskrifta gis løyve til motorferdsle i samband med husdyrhald og vedhogst.

I forvaltningsplanen står det at utkøyring av ved bør skje mest mogleg sporlaust. Køyring med traktor på barmark vil derfor vanskeleg få løyve. Køyring med traktor i elveleiet om hausten gjev tilnærma sporlaus ferdsel og vil kunne få løyve. Også her bør løyvet gis på vilkår, for å avgrense omfanget og skadeverknadene av motorferdsle:

- Motorferdsle skal avgrensa seg til det som er strengt naudsynt
- Motorferdsle skal ikkje skje i helgene
- Det skal køyrast med traktor i elveleiet, og ikkje på barmark
- Det skal gis skriftleg tilbakemelding til nasjonalparkforvaltninga etter at motorferdsle har funne stad

I alle vedtak som omhandlar tiltak i nasjonalparken skal det gjerast ei vurdering etter naturmangfaldlovas § 8-12.

Vurdering av Naturmangfaldlovas § 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget i saka (jamfør nml § 8) er tilstrekkeleg. Søkjaren søker om løyve til eit avgrensa uttak av ved til eige bruk. I naturbase er det registrert funn av dagsommarfuglen *Parnassius mnemosyne* (Mnemosynesommarfugl) nordaust for elva i Langedalen.

Mnemosynesommarfuglen står oppført som nær trua (NT) i raudlista og er freda i Noreg. Det er også registrert ein svært viktig naturtype i Langedalen nordaust for elva. Dette er



«sørvendte berg og rasmakar» og er habitatet til Mnemosynesommarfuglen. I området sørvest for elva, der det søkjast om å ta ut ved, er det ikkje registrert sjeldne artar eller naturtypar. Førre-var-prinsippet i nml § 9 treng ikkje vektleggast, då ein her finn kunnskapsgrunnlaget tilstrekkeleg, og i løyvet gis det også vilkår som reduserer omfanget av hogsten.

§ 10 handlar om økosystemtilnærming og samla belastning. Det er i forvaltningsplanen til nasjonalparken tatt omsyn til den samla belastninga på heile området, når nasjonalparken blei delt opp i soner. Det blei då vurdert at eit avgrensa uttak av ved i brukssona ikkje gjer nokon skade på naturverdiane, men at det tvert om kan vere positivt for å helde kulturlandskapet meir ope enkelte stader.

§ 11 handlar om at tiltakshavar skal dekke kostnadene ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket valdar og § 12 handlar om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Løyvet til vedhogst blir gitt på vilkår, som tar omsyn til dette. Vedhogsten utførast på hausten og vil dermed ikkje komme i konflikt med hekketid for fugl. Det er berre lov å ta ut ved gjennom plukkhogst. Gamle og døde trær og store, særmerkte furuer vil ikkje bli tatt ut. Slike representerer hekke- og beiteplassar for forskjellige fuglearter og kan ha eit rikt og sjeldant insektliv og ein sjeldan lav- og soppflora. Køyning med traktor skal berre skje i elveleiet, for ikkje å sette spor i naturen.

Konklusjon

Forvaltar vurderer det som forsvarleg å gi løyve til uttak av ved til eige bruk etter § 2.3 i verneforskrifta og til motorferdsle etter § 4.3 i verneforskrifta. Tiltaket vurderast ikkje å ha nokon negativ påverking på naturen i området. Tvert om kan eit avgrensa uttak av ved vere positivt for å helde kulturlandskapet og stiane i området ope.



Arkivsaksnr: 2010/14759-0

Saksbehandler: Bente Støa

Dato: 27.09.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	32/18	08.10.2018

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til reparasjon av flaumskade - Bødalen sameige

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlovas § 48 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fatta følgjande vedtak:

Bødalen sameige får løyve til å fjerne massar frå grusbanken, som ligg oppstraums brua ved Bødalseter. Massane skal brukast til å fylle opp langs austre elvebreidd der elva i dag eroderer. Enkeltsteinar kan leggjast ut, som straumavvisarar naturleg langs elvekanten i samsvar med vedlagte kart og bilete. Løyvet omfattar også naudsynt motorisert transport via vegen og elva til føremålet.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Arbeid i elva og transport til og frå skal skje på ein omsynsfull måte for å unngå unødige inngrep i terreng og landskap.
2. Torv som i dag ligg delvis i elva skal takast vare på og nyttast til revegetering av området etter at massane er flytta.
3. Når arbeidet er slutført, skal nasjonalparkforvaltninga ha rapport med bilete. Etter rapport er sendt skal det ikkje gjerast inngrep i elva.
4. Løyvet gjeld ut året 2018.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad om tiltak, med to vedlegg, frå Bødal Sameige v/ Erik Bødal og Magne Beinnes, datert 18. september 2018
- Oppsummering frå synfaring 11. september 2018, frå NVE
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova



Historie

Bødalseter er eit seterområde med lange tradisjonar, der det framleis er både sau og kyr på beite i kulturlandskapet. Brua over Bødalselva er naudsynt for beitedyra og ettersyn med dei. Bødalseter er også ein viktig historisk plass som utgangspunkt for Josten på langs-turane i Jostedalsbreen nasjonalpark og fotturar fram til Bødalsbreen. Brua er såleis viktig for friluftslivet i området, då den fører både inn til Bødalsbreen og stien vidare til Lodalskåpa. Stien på kvar side av brua har gjennom dei seinare åra blitt betydeleg utbetra av forvaltningsstyresmakta i samarbeid med grunneigarane. På setresida av elva er det laga til ein "brecamp" med toalett og lagerrom som er inngjerda mot husdyr slik at telt og utstyr ikkje blir øydelagd.

Brua ved Bødalseter har stått på same staden i godt over 100 år. Det har blitt utført vedlikehald og reparasjonar på brua opp igjennom tida. Før området vart nasjonalpark vart det også, med nokre års mellomrom, fjerna grusbankar, som blir avsett oppstraums brua, for å styre hovudvassføringa rett under brua.

I 2010 fekk brukaret på setersida omfattande skadar grunna store nedbørsmengder og fordi grusbanken oppstraums brua hadde blitt så stor at den leia elva over på setersida. Det vart då gitt løyve til å bygge oppatt brua ved Bødalseter. Brua vart bygd oppatt fire meter lengre enn den opphavlege brua. Den gong vart brua bygd opp att med naturskade-midlar.

Nasjonalparkforvaltninga mottok i sommar ei uromelding frå Bødalen sameige om erosjon i Bødalselva mot ferdselsbrua over elva ved Bødalseter. På bakgrunn av dette vart det 11. september 2018 gjennomført ei felles synfaring med sameiget, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (som vassdragsforvaltar), Stryn kommune, NVE og nasjonalparkforvaltar. Under synfaringa vart det klart at mykje av grunnen til erosjon i austre elvebreidd er avlagring av lausmassar i det flate og breie partiet i elva oppstraums brua. Elva vil etter kvart kunne bryte gjennom og danne eit nytt elveløp aust for brua. Under synfaringa vart det drøfta fleire tilnærmingar til utfordringa knytt til pågåande erosjon, og fare for tilkomsten til ferdselsbrua. Ingen av dei frammøtte på synfaringa såg det som ønskeleg med omfattande erosjonssikringsarbeid i området som ligg inne i nasjonalparken. Det var heller ikkje ønskeleg å flytte brua, då det i dag i tilknytning til brua er opparbeid infrastruktur med stiar og sanitæranlegg i området.

Dei frammøtte var samde om at den beste løysinga er å styre elva betre mot brua ved å legge ut enkeltsteinar som straumavvisarar naturleg langs elvekanten. Delar av massane som har lagt seg opp i elveløpet er tenkt flytta inn til elvekanten der erosjonen er størst. Torv som i dag ligg delvis i elva skal takast vare på og nyttast til revegetering av området etter at massane er flytta.

Søknaden

Nasjonalparkforvaltninga mottok den 18.09.2018 ein søknad frå Bødal sameige om å reparere flaumskadane ved brua over Bødalselva på Bødalseter. Sameiget ønsker å ta vekk masse frå grusbanken, som har bygd seg opp midt i elva, og flytte den ut til austre elvebreidd. Massemengda vil avgjere kor framtidig elvebreidd vil gå. Det vil også leggest ut



nokre store steinar for å styre straumen og hindre elva å erodere austover. Søknaden er i tråd med det ein vart samde om under synfaringa. Tiltaka er merka av i kart og bilete, som er lagt ved søknaden.

Lovgrunnlag

Tiltak i elva er ikkje særskilt heimla i verneforskrifta, og må derfor vurderast etter naturmangfaldlova § 48, som seier at «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig.*»

Verneføremålet til Jostedalsbreen nasjonalpark er:

”- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.

- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.

- å verne om kulturminne og kulturlandskap.”

Om motorferdsle står det følgande i verneforskrifta:

4.1. Motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy, er forbode. Som landing reknast og om eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta.

I pkt 4.2 andre ledd står det at Reglane i pkt 4.1. er ikkje til hinder for motorferdsle i samband med forvaltning, tilsyn, skjøtsel og sikringsarbeid med heimel i lov.

Vidare står det at: Det skal gjevast skriftleg melding til forvaltningsstyresmakta etter at motorferdsle i samsvar med pkt 4.-2 har funne stad.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark står det at graving i eit elveløp vil redusere/øydeleggje naturverdiane i området, og det er difor ikkje aktuelt å opne for slike inngrep i nasjonalparken eller i områda med rikspolitiske reglar. I 1998 kom områda med rikspolitiske reglar i Bødalen, Erdalen og Sunndalen med i Jostedalsbreen nasjonalpark og i 2001 vart det laga ein skjøtelsesplan for desse områda. Her vart det lagt til grunn at den eksisterande stien og brua inn Bødalen skulle nyttast i framtida, og det vart opna for omfattande stitilretteleggingstiltak. Det er gjort store tiltak på stien på begge sider av brua på 2000-talet.

Vurdering

I tillegg til at området er nasjonalpark, er elva (som del av Lovassdraget) verna mot kraftutbygging. Det ligg difor sterke forventingar om å sikre at elva kan renne mest mogleg fritt utan inngrep. Utgangspunktet bør derfor vere at stiar og bruer best mogleg tilpassar seg naturen, medrekna elvar. Såleis er det i utgangspunktet ikkje ønskjeleg å manipulere elva for at ho skal passe til brua.

Alternativet til dei omsøkte tiltaka er å fortsette å la elva erodere og anten 1) ikkje ha nokon brutilkomst til vestsida av elva, eller 2) flytte brua. Fyrste alternativ vil ha store konsekvensar for friluftslivet og tilkomsten til området, og såleis kome i konflikt med føremålsparagrafen i



verneforskrifta sitt punkt II. Det andre alternativet vil medføre store omleggingar av stisystemet i området og vil såleis, etter forvaltar si vurdering, medføre eit mykje større og uheldigare naturinngrep, inkludert stiltak med steinsetting på delar av strekninga. Då brua fekk store skadar i 2010, vart det vurdert eit alternativ med å flytte brua fleire hundre meter nedstraums, i nedkant av elvesletta. Dette alternativet vart forkasta fordi det ville medføre store inngrep. Det høyrer også med at Bødalseter er registrert som kulturminne, og brua og brulokaliteten er gamle og integrerte i landskapet. Ferdelsmønsteret både for folk og beitedyr har lange tradisjonar i området.

I vurderinga etter § 48 legg vi vekt på at brua ved Bødalseter er eit eksisterande inngrep i vassdraget, som har vore der i lang tid, og at flytting av brua vil medføre nye og langt større inngrep enn dei omsøkte tiltaka. Det har også tidlegare, før området ble nasjonalpark, blitt fjerna massar oppstraums brua. Fjerning av grusbanken og deponering av massane langs austbreidda av elva, samtidig som man legg ut nokre store steinar for å styre vassmassane direkte på lysopninga under brua, er difor det alternativet som best oppfyller føremålet med nasjonalparken og gjev minst negative konsekvensar samla for naturmangfald, kulturlandskap og friluftsliv.

Vurdering av Naturmangfaldlovas § 8-12:

I høve til naturmangfaldlova § 8-12 (jf. § 7) vurderer nasjonalparken søknaden slik:

Til §§ 8-9 (kunnskapsgrunnlaget og føre-var-prinsippet): Både bortfall av ei bru som har vore på staden i lang tid, og eventuell flytting til ein ny stad, vil påverke naturen gjennom endring av ferdelsmønsteret i området. Det er registrert den viktige naturtypen naturbeitemark i området. Ved å ikkje legge til rette for vidare beiting i området, vil denne naturtypen forringast.

Flytting av masse frå grusbanken oppstraums brua til austbreidda av elva vil gripe inn i elva si naturlege utvikling over tid. Elvar med naturleg dynamikk og flaummark/flaummarkskog og andre naturtypar som er avhengige av dette, har generelt hatt ein sterk tilbakegang som følgje av konflikt med andre samfunnsinteresser. Vi reknar likevel den valde løysinga for den som påverkar naturmangfaldet minst. Å byggje opp brua ein annan stad med tilhøyrande stitilrettelegging vil påverke naturmangfaldet på stader der naturen i dag utviklar seg naturleg.

Til §§ 10 og 11 (økosystemtilnærming og samla belastning, og kostnader ved miljøforinging): Som nemnt har elvar med naturleg dynamikk og flaummark/flaummarkskog og andre naturtypar som er avhengige av dette, generelt hatt ein sterk tilbakegang som følgje av konflikt med andre samfunnsinteresser. I området rundt Bødalseter har det vore beiting i fleire hundre år, og friluftslivet og friluftslivturisme har tradisjon tilbake til 1800-talet. Dei omsøkte tiltaka inneber langt mindre inngrep (og kostnader) enn oppføring av ny bru fleire hundre meter nedstraums. Dei omsøkte tiltaka vil etter vårt syn over tid ikkje påverke verneverdiane nemneverdig, i motsetnad til det å byggje ei ny bru og lage til ny sti i tilknytning til denne.

Til § 12 (miljøforsvarlege tekniskar og driftsmetodar): Ut i frå NVE si rådgjeving på synfaringa, meiner nasjonalparken at det er den mest miljøforsvarlege metoden det er søkt



om. Det er vesentleg å få utført tiltaket i oktober/november, ev desember. På den tida kan ein få traktor/gravereiskap inn i området utan at det set spor i terrenget. Det er viktig at tunge køyretøy følgjer elv og køyretrasé for å minimere skadar på vegetasjon.

Konklusjon

Summert opp vurderer forvaltar det forsvarleg å gje dispensasjon etter § 48 i nml i denne saka. Sjølv om tiltaket kjem i konflikt med føremålsparagrafen punkt I, vil det å ikkje gjere noko tiltak kome i konflikt med føremålsparagrafen punkt II og III, og det å flytte brua vil ha ein endå større konsekvens for naturmangfaldet. Vi tilrår difor å gje Bødal sameige løyve til å flytte grusmassar frå midt i elva til austre elvebreidd, samt å sette ut store steinar i elva for å styre vatnet dit ein vil. Løyvet omfattar også naudsynt motorisert transport via veggen og elva til føremålet.

Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

1. Arbeid i elva og transport til og frå skal skje på ein omsynsfull måte for å unngå unødige inngrep i terreng og landskap.
2. Torv som i dag ligg delvis i elva skal takast vare på og nyttast til revegetering av området etter at massane er flytta.
3. Når arbeidet er slutført skal nasjonalparkforvaltninga ha rapport med bilete. Etter rapport er sendt skal det ikkje gjerast inngrep i elva.
4. Løyvet gjeld ut året 2018.



Arkivsaksnr: 2018/2675-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 27.09.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	33/18	08.10.2018

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - uttale om catskiing på Strynefjellet

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kjem med følgjande uttale om catskiing på Strynefjellet:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre finn det lite sannsynleg at forsøksordninga med catskiing rundt Stryn sommarskisenter i åra 2019 til 2023 vil føre til vesentleg auka ferdsle inn i Jostedalsbreen nasjonalpark. Fordi forsøksordninga vil være 1. mai til 1. september vil det truleg være så lite snø i dei aktuelle områda der skikøyrarar eventuelt skulle ta seg inn i Jostedalsbreen nasjonalpark, at dette ikkje blir eit problem. Den mest sannsynlege ruta vil være ned mot Sunndalen. Der vil folk vil måtte ta av seg skia så høgt opp i terrenget, der skogkledde lier og få, bratte stiar leiar ned til dalbotn. Frå dalbotn er det langt å gå ut til riksvegen, opp til sju km langs sti. Nasjonalparkstyret vil likevel ha opning for å uttale seg på nytt om seks år, dersom forsøksordninga blir ein meir permanent ordning, og om kunnskapsgrunnlaget er endra samanlikna med dagens situasjon.


Sjølv om Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er tvilsam til den store påverknaden på eigne verneverdiar innanfor den vedtekne grensa, kan det være større grad av påverknad innanfor Breheimen nasjonalpark sine vernegrenser. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sender difor over saka til Breheimen nasjonalparkstyre.

Saksopplysningar og vurderingar


Stryn kommune inviterte den 17. 08.18 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre til møte og synfaring. Temaet var todelt, med både forsøksordning for catskiing på Strynefjellet og alternative energikjelder til sommarskisenteret på Tystigbreen. Fleire aktørar var invitert til møtet den 5. september. Referat frå møtet er skrevet av Stryn kommune og godkjent av alle deltakande partar.



Frå Jostedalsbreen nasjonalpark møtte forvaltar Maria Knagenhjelm. Temaet om alternative energikjelder råker ikkje Jostedalsbreen sitt mynde, og vil ikkje bli følgt opp frå vår side. Når det gjeld prosjektet om catskiing, så var det potensiale for at forsøksområdet rundt Strynefjellet sommarski sentrum kunne påverke verneverdiane innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark sine grenser, og var såleis det viktigaste for sekretariatet å få meir kunnskap om. Under syner kart med dei innteikna ønska catski-traseane som ligg til vurdering.



Under er eit større kartutsnitt av området med vernegrensa for Jostedalsbreen (grøn horisontal linje) og Breheimen (grøn/lilla vertikal stipla linje):





Naturmangfaldlova si § 49 (*utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde*) seier følgjande: *Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.*

Etter møte og synfaring, og innhenting av tilgjengeleg kunnskap frå fylkesatlas, m.m, har forvaltaren framlegg til uttale frå Jostedalbreen nasjonalparkstyre, jf. innstillinga. Forvaltar vurderer at for Jostedalbreen sin del, vil ikkje den planlagde aktiviteten medføre eit trugsmål mot verneverdiane, og at styret sender saka vidare til Breheimen nasjonalparkstyre.



Arkivsaksnr: 2018/2596-0
Saksbehandler: Bente Støa
Dato: 27.09.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	34/18	08.10.2018

Jostedalsbreen nasjonalpark - droneflyging over Flatbrehytta - Breoppleving

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlovas § 48 har Nasjonalparkstyret fatta følgjande vedtak:

Breoppleving AS gis dispensasjon frå § 6 i verneforskrifta for bruk av drone til filming rundt Flatbrehytta og Flatbreen i Fjærland. Dispensasjonen gjeld for til saman 2 times filming i perioden 15. juli til 15. september 2019.

Vilkår for løyvet:

- Det skal berre filmast når det ikkje er andre friluftsfolk enn deltakarar på deira egne brekurs i nærleiken
- Det skal ikkje filmast i hekketida for fugl (20. mars til 1. juli)
- Det skal komme fram i filmen at den omsøkte droneflyginga har fått dispensasjon frå verneforskrifta
- Breoppleving AS skal oversende alle opptak og bilete til nasjonalparkforvaltninga for fri bruk og formidling

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad om bruk av drone frå Breoppleving AS v/ Ove Gunnar Drageset, datert 20. august 2018, med utfyllande informasjon via telefon og e-post



- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark

Naturmangfoldlova **Søknaden**

Breoppleving AS søker om løyve til å ta stillbilete og film med drone i 2018 og 2019, avgrensa til ein time i 2018 og ein time i 2019. Dei ønsker å gjennomføre filminga når det ikkje er folk i området (med unntak for eit av si eigne brekurs, dersom deltakarane samtykker).

Det blei seinare informert på telefon om at dei ikkje rekk å filme i 2018, men i stede ønsker å filme i opptil to timer i perioden når dei skal halde brekurs i 2019. Dette er frå slutten av juli til noko ut i september. I utgangspunktet vil dei filme i ein time, men ønsker moglegheita til å filme i ein time til om noko går galt under første filming.

Breoppleving AS er eit selskap, som tilbyr ulike typar brekurs og breføring i Jostedalsbreen nasjonalpark. Frå 1994 til 2010 heldt dei brekurs på Bødalseter, men grunna bresmelting måtte dei flytte kursa til Flatbrehytta frå 2011. Her er utsiktene gode for å drive kurs i mange år framover, sidan breen ligg høgt, er relativt flat og kan tåla mykje smelting før det blir vanskeleg å halde kurs der. Breoppleving har opplevd ei jamt fallande etterspørsel etter kurs og føring og i 2017 og 2018 har det vore så få deltakarar på Flatbrehytta at dei no vurderer å slutte med kursing. Medan dei i Bødalen ofte hadde fem-seks fulle kurs, har dei i 2018 berre fått gjennomført to halvfulle kurs ved Flatbrehytta. Då deira kurs på Smørstabbreen i Jotunheimen framleis går godt, trur dei at fallande etterspørsel ved Flatbrehytta har å gjere med dårleg marknadsføring og mangel på gode bilete og filmar, som viser kor unik Flatbrehytta og Flatbreen er.

Breoppleving AS har prøvd å få tak i allereie eksisterande opptak og bilete, men har berre funne opptak frå verimedia.no. Dei krev betaling for tilgang til opptaka og søkjarane er usikre på om desse opptaka er eigna for marknadsføring av Flatbrehytta og Flatbreen.

Dersom Breoppleving AS blir gitt løyve til dronefilming vil dei gjere alle opptak og bilete fritt tilgjengelege. Dette for å unngå press frå andre arrangørar om filming i dei same områda.

Lovgrunnlag

Droneflyging er ikkje spesifikt nemnt i verneforskrifta, men vil i mange tilfelle vere brot på § 6:

All ferdsle og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur- og kulturverdiar, uroar vilt eller er til ulempe for andre...

Men forvaltningsmyndigheit gis moglegheit for å dispensere frå verneforskrifta i naturmangfoldlova § 48:

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Når ein skal vurdere ei sak etter nml § 48, må man først vurdere om vilkåra i paragrafen er oppfylt, slik at ein faktisk har heimel til å bruke regelen. Dersom vilkåra er oppfylt kan ein deretter gå vidare til ei fagleg og skjønsmessig vurdering om kor vidt ein skal gje løyve eller ikkje.



Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Jamfør naturmangfaldlova § 7 skal alle vedtak, som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Bruk av drone til filming kan potensielt vere i konflikt både med fugleliv, som nemnes i fyrste punkt i føremålsparagrafen, og med friluftsliv, som nemnes i andre punkt i føremålsparagrafen. Men med nokre vilkår i løyvet vil ein kunne unngå disse konfliktane:

- Om det settast vilkår om at det berre skal filmast når det ikkje er andre friluftsfolk i nærheita vil ein ikkje komme i konflikt med friluftslivet.
- Om det settast vilkår om at det ikkje skal filmast i hekketida for fugl vil ein ikkje komme i konflikt med fugleliv.

Filming med drone ved Flatbrehytta og Flatbreen vil sannsynlegvis også ha ei positiv verknad på friluftslivet i området, ved at det bidrar til marknadsføre tradisjonsrike aktivitetar på breen. Brekurs og breføring er ein kjerne-aktivitet i Jostedalsbreen nasjonalpark. Det første organiserte brekurset vart gjennomført på Bødalseter tilbake i 1935, og det er lange og unike tradisjonar knytt til breføring (patentførarar) og breferdsliv på Jostedalsbreen. Utviklinga dei siste åra med nedsmelting av breane har avgrensa denne aktiviteten kraftig. Flatbrehytta i sør og breane i Jostedalen er dei stadane det no er mogleg å gjennomføre kurs på.

Vurdering av Naturmangfaldlovas § 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget i saka (jamfør nml § 8) er tilstrekkeleg. Søkjaren søker om løyve til berre maksimalt to timars filming i perioden 15. juli til 15. september 2019. Så seint på året er vi utanom hekketid for fugl. Vi set vilkår om at Breoppleving AS berre filmar under eigne brekurs og soleis ikkje vil påverka korkje andre friluftsfolk eller dyre- og fugleliv.

Føre-var-prinsippet i nml § 9 treng ikkje vektleggast, då ein her finn kunnskapsgrunnlaget tilstrekkeleg. Forvaltar vurderer at det bør komme fram på det ferdige filmproduktet at dronedyking er regulert av verneforskrifta, slik at aktiviteten ikkje treng føre til ein «smitteeffekt».

§ 10 handlar om økosystemtilnærming og samla belastning. Her kommer vurderinga av presedensverknaden inn. Nasjonalparkforvaltninga er opptatt av å ikkje skapa presedens for at alle som ønsker å marknadsføre eiga aktivitetstilbod, skal få flyge drone over



nasjonalparken og sett derfor som vilkår i innstillinga at Breoppleving AS skal gjere alle opptak og bilete fritt tilgjengelege. På den måten treng vi ikkje gi fleire løyver til dronefilming med hensikt å marknadsføre breaktivetar i dette området.

§ 11 om at tiltakshavar skal dekke kostnadene ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket valdar og § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar er ikkje relevante i denne saka.

Konklusjon

Summert opp vurderast det forsvarleg å gi dispensasjon etter § 48 i nml i denne saka, då tiltaket ikkje strider mot vernevedtakets føremål og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig. Tiltaket er ikkje i strid med nml §§ 8-12, med nemnte vilkår. Tiltaket vil kunne marknadsføre breaktivet i området på ei god måte og bilete og film frå dronefilminga vil gjerest tilgjengeleg for andre, slik at tiltaket vil vere av verdi også for andre aktørar.



Arkivsaksnr: 2018/3125-0
Saksbehandler: Bente Støa
Dato: 27.09.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	35/18	08.10.2018

Jostedalsbreen nasjonalpark - politimelding av dronefilming ved Bøyabreen

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre politimelder Tomasz Korzeniowski for brot på verneforskrifta § 6, ved å ha flogge ulovleg med drone rundt Brævasshytta og Bøyabreen.

Saksopplysningar

Nasjonalparkforvaltninga fekk inn ei melding frå publikum om ein dronefilm av Bøyabreen på youtube. Filmen er lagt ut 9. juni 2017 av Tomasz Korzeniowski:

<https://www.youtube.com/watch?v=L9m50P0dr0g>

På snøforholda ser det ut til at filmen er filma på våren eller tidleg på sommaren. Dette er midt i hekketida for fugl. Det er også mange besøkande i nasjonalparken, langs brevatnet. Nasjonalparken har ikkje motteke noko søknad om droneflyginga på førehand.

I følgje vedtektene for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, pkt. 8.5, har styret ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskrifta som styret får kjennskap til blir rapportert/meldte til politiet.

Vurdering

Droneflyging er ikkje spesifikt nemnt i verneforskrifta, men vil i mange tilfelle vere brot på § 6:

All ferdsle og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur- og kulturverdiar, uroar vilt eller er til ulempe for andre...



Det er moglegheit for å søke nasjonalparken om dispensasjon frå forskrifta, men det er ikkje gjort i dette tilfellet. Nasjonalparkstyret praktiserer dispensasjonspraksisen for dronefilming strengt. Ut i frå vedtaka frå dei siste åra ville det ikkje blitt gitt dispensasjon frå verneforskrifta til den omtalte, ulovlege dronefilminga.

Ulovleg flyging med drone har blitt meir og meir utbreidd i nasjonalparken. Vi veit frå rapporten «Bruken og Brukarane av Jostedalsbreen nasjonalpark 2017» at mange av brukarane av nasjonalparken er negative til dronar, då det øydelegg friluftsopplevinga. Bruk av drone kan også påverke fuglelivet, spesielt i hekkeperioden.

Droneflyging vil derfor i fleire tilfelle komme i konflikt med verneføremålets fyrste og andre punkt:

- *Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.*
- *Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*

I denne konkrete saka med dronefilming er det tydeleg på filmen at det er turistar/friluftsfolk i området når dronen flyger. Det er filma på våren, eller tidleg på sommaren, då dei fleste fugleartane hekkar. I dette tilfellet kommer droneflyginga difor i konflikt med både punkt ein og punkt to i verneføremålet.

Forvaltninga anbefaler difor å melde forholdet til politiet. Saka kan få ein preventiv verknad.



Arkivsaksnr: 2018/3137-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 28.09.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	36/18	08.10.2018

Jostedalsbreen nasjonalpark - behov for revidering av verneforskrifta

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret ser at forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark treng revidering, og ber om dialog og oppfølging av dette arbeidet frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si side. Nasjonalparkstyret bidreg med det som Fylkesmannen har behov for i prosessen, og ønskjer å være deltakande i revideringsarbeidet.

Saksopplysningar

I følgje vedtektene til Jostedalsbreen nasjonalparkstyret, punkt 8, står det: *Medlemmene av styret skal forvalte verneområdet i samsvar med internasjonale plikter, naturmangfaldlova og verneforskrift for verneområdet.*

Alle medlemmene i styret har eit felles ansvar for en heilskapleg forvaltning av verneområda kor ivaretaking av verneverdiane og verneføremålet er hovedoppgåva.

Forskrifta vart vedteken av Kongen i Statsråd den 25.10.1991. Dalføra Sunndalen, Erdalen og Bødalen vart innlemma i nasjonalparken i 1998 etter at Stortinga gjennom verneplan IV for vassdrag avgjorde at Stryne- og Loenvassdraget (Breheimen-Stryn) ikkje skulle byggjast ut. Sidan 1998 har ikkje forskrifta vore revidert. Det er ikkje nasjonalparkstyra som har ansvar for *utforminga* av verneforskrifta, men styret har ansvar for *forvaltninga* etter verneforskrifta.

Jotunheimen nasjonalpark har gjennomgått eit revideringsarbeid med si forskrift. Behovet for revidering av forskrifta kom opp i forvaltningsplanprosessen. Jotunheimen tok difor disse to prosessane parallelt. I kongeleg resolusjon til Jotunheimen-revideringa står m.a.:

Endringsforslaga fører ikkje til vesentlege endringar i dei restriksjonane som gjeld i verneområda, men blir foreslått for å forenkle og tilpasse forskrifta til naturmangfaldlova og standard malar for oppbygging av verneforskrifter.



Kongeleg resolusjon for Jotunheimen kan ein finne [her](#). I dokumentet finn ein også ein skildring av prosessen rundt revideringsarbeidet.

Vurdering

Nasjonalparkstyret har ved fleire tilfelle dei siste åra diskutert eit behov for ein revidering av verneforskrifta. Naturmangfaldlova, ny teknologi, og endra bruk av naturen er alle element i ei slik samlevurdering. Nasjonalparkstyret har t.d. signalisert ein restriktiv haldning til dronar, og ønskjer å nytte sitt politiske skjønn i slike sakar, men det er vanskeleg å halde ein slik restriktiv haldning når dronebruk ikkje er omfatta av verneforskrifta anna enn ein generell heimel om omsynsfull ferdsel. I nyare verneforskrifter står det også t.d. at ein kan uttransportere sjuke eller skadde bufe i medhald av lov om dyrehald. I dagens forskrift må ein handsame dette som ein vedtakssak. Fordi samfunnet endrar seg, og fordi nasjonalparkstyret har signalisert ønskje om ei meir tilpassa forskrift til dagens bruk, kan styret be Fylkesmannen i Sogn og Fjordane setje i gong ein slik prosess. Prosessen bør bære preg av god involvering undervegs.

ST 37/18 Eventuelt